

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

**Utvalsleiar Stian Jean Opedal Davies** og **June Indrevik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Davies er leiar av rådet for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) medan Indrevik er varamedlem av rådet. Davies og Indrevik gjekk frå under spørsmålet om dei var inhabil.

Nestleiar Geir Kjell Andersland (V) leidde møtet medan spørsmålet om Davies og Indrevik var inhabil vart drøfta. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Davies og Indrevik ikkje var inhabil.

Davies tiltredde som leiar og Indrevik tiltredde saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune sluttar seg til fusjonen mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.